



Anders K. Buen er akustisk rådgjevar i Brekke og Strand Akustikk AS. Han byggjer feler og forskar på feletonen på fritida.

Den gode feletonen

Øyra våre er ikkje utvikla spesielt for å vurdere gode tonar i instrumenta. Det er berre nokre få generasjonar sidan fiolinen og hardingfela vart til. Kva er så egentleg ein god tone?

HØYRSLA ER UTVIKLA for å kjenne att og vurdere stemmer og stemningar frå born og vaksne, tolke lydar i naturen, frå dyr, insekt, vær og anna. Stemmer er ulike og karakteristiske for den enkelte: Er det kjende eller framande stemmer? Kva humør er dei i?

Musikken og songen er eldre enn hardingfelene. Naturen og dyrelivet har sin eigen musikk, sine egne lydar: Fuglane og kvalane, til dømes, kan kommunisere og «halde konsertar» for å markere revir, kalle på makar eller familie. Me slektar på dette. Det gjeld dansen òg.

Sansane våre fungerer i eit samspel: Når me opplever felespel, *høyrer* og *ser* me utøvaren. Det er ei heilskapsoppleving. Alle sansane er i bruk – som det òg er for utøvaren. Han kjenner fela svingar under fingrane, under haka eller på bringa og merkar korleis ho ter seg under bogen.

Kor god ei fele er, og kor godt ho læt, kjem an på ei rekkje faktorar. Kor stabil er fela for variasjonar i været og klimaet eller for ulike stille? Det er nok òg i høg grad ein individuell smakssak. Kanskje er det avhengig av kva ein er van med og har lika frå før. Likevel: Gjev det meining å seie at einskilde felestille eller særskilde klanger er finare enn andre? Ein må kanskje svare ja på det. Eg har høyrte kvinner seie at dei lika klangen i ei særskild mannsstemme spesielt godt. Var den mørke basstemma eit uttrykk for noko trygt, noko kjent?

Me hugsar godt korleis stemmene til dei me likar og trivst i lag med, høyrst, men det er ikkje berre kjennskap til spelemannen eller sjølve feletonen som er avgjerande for om ein tone i røynda er god. Gode tonar varierer i tid – og rom. Å byte rom å spele i kan òg gje inspirerende variasjon. I nokon grad trur eg det også kjem an på kva ein er lei av, eller likar, for tida. Trendar skiftar, veit me. Me likar variasjon og

vert leie av det same over lang tid. Difor ser ein ofte spelemenn og -kvinner byte feler i løpet av karrieren. Det er alltid spanande å setje strenger på ei ny eller ombygd fele og utforske ho nærmare. Etter eit bel er det kanskje ikkje like spanande, men nokre feler held seg betre over tid enn andre.

Trevirket er avgjerande for tonekvaliteten i instrumenta, blir det hevda. Mykje skil dei gamle felene og nyare feler laga i dag. Til dømes er dei eldre felene ofte tunne, lette og gjerne mindre i form. Dei eldste felene har lok av furu, medan dei nyare hardingfelene har lok av gran. Kva skilnad er det på desse vedsortane som har konsekvensar for lyden i instrumenta? I store studiar av sagvirke ser furua ut til å ha eigenskapar lik grana når tettleiken er den same. Men grana finst òg i lågare tettleik. Lok av furu kan dermed ikkje verte like lette som av den lettaste granveden, men er derimot sterkare. For å finne skilnadene i tonen lyt ein byggje feler med tilpassa lok av både gran og furu der ein byter ut delar og samanliknar lyden.

Detaljar i rigginga og sjølve kroppen på fela påverkar også tonen: Gode kvelvingar og fordeling av styrke i platene er avgjerande for stabiliteten i fela og truleg for motstanden ein kjenner under bogen. Di høgare kvelving, di mindre bass og mellomtone i fela. Plattetjukkheiken har òg innverknad her. Stolen, som kanskje er den faktoren som har mest å seie for hardingfeletonen, er avgjerande for å få til god tone i fela, hovudsakleg i overtonane. Men stolen kan ikkje gjere stort med bassmålet i fela. Der vil utforminga av platene, kanskje i nokon grad veden og rigginga, ha meir å seie. Tunnare og flatare lok gjev meir bass.

Rammene for formidling av folkemusikk endrar seg. Moderne konsertlokale er store og krevjande. Ikkje sjeldan blir feletonane formidla med forsterka



TONEN: Kva er egentleg ein god tone, spør Anders K. Buen.

Foto: Manus Bech Dahlie

lyd. Ein lydteknikar tilpassar lyden slik at det læt best mogleg – etter hans øyre. Den originale tonen vert endra. Klangen frå understrengene blir dominerande. Kanskje er dette meir i samsvar med den som spelemannen sjølv høyrer? Å kunne høyre fela godt utan forsterking krev rom med låg bakgrunnsstøy og eit roleg publikum. Då høyrer ein detaljane og den naturlege klangen betre. Hardingfelene har utvikla seg i låge, turre rom. Understrengene gjev klang som liknar det ein har i høge hallar.

Det er ikkje noko som set fela og utøvaren meir på prøve enn å spele for eit fullt dansegolv. Ber fela over dansestega og -ståket? Og tenkjer me over at det å danse stille og fint over golvet utan å lage for mykje lyd gjer at ein høyrer fela og spelemannen betre? Eg trur nokre av dei beste dansarane veit dette. Men er dei beste felene for dansespel dei beste for alt? Fløytetone i mjuke feler kan vere fint det òg, når det er stille i lokalet.